

# Nord-Fron kommune

## Politisk sak

### Detaljreguleringsplan for Givra del 1 - endeleg behandling

Utval	Saksnr	Møtedato
Utval for miljø, landbruk og areal	021/20	18.02.2020
Kommunestyret	002/20	18.02.2020

Saksbehandlar	Journalpost
Hanne-Kristine Risdal	20/2073

#### Vedlegg:

Samandrag og vurdering av merknader ved offentlig ettersyn

Plankart, 29.11.2019

Føresegner, 29.11.2019

Planforklaring, 29.11.2019

ROS-analyse, 29.11.2019

Flomsikring Givra, notat frå Norconsult, 12.11.2019

NVEs attendemelding - Anmodning om trekk av innsigelse ved offentlig ettersyn -

Detaljreguleringsplan for deler av Givra del A og B - Vinstra vest - Nord-Fron kommune, Oppland

Vedr. motsegn - Reguleringsplan for Givra del 1 - Nord-Fron kommune

Kommunedirektøren legg saka fram for utval for miljø, landbruk og areal med slik:

#### Innstilling:

Utval for miljø, landbruk og areal rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1.	Detaljreguleringsplan for Givra del 1 blir eigengodkjend med heimel i §12-12 i plan- og bygningslova, slik den har vore lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 6.12.2019 - 3.2.2020, med slike endringar i plandokumenta:
1.	Flomsone H320_1 blir utvida opp mot ny E6, i tråd med flomberekningskart frå Norconsult (200 årsflom med 40 % klimapåslag).
1.	Faresone H320_2 vil bli vist som opphavleg flomsone før sikring.
2.	Planføresegnene får slikt nytt avsnitt om faresone H320_2: «Det er forbud mot nye byggetiltak (jf. pbl§§ 28-, 1-6 og 20-1) før tilstrekkelig sikring i tråd med gjeldene sikkerhetskrav er på plass.»
3.	Punkt 10 i planføresegnene får slike nye avsnitt: <ul style="list-style-type: none"><li>· «Flomsikringstiltaka skal utføres i samsvar med Norconsult sitt notat, datert 12.11.2019, oppdragsnr. 5172950, saksnr. N-12.</li><li>· Tidspunkt for graving i vassdraget er mellom 15. juni og 15. september. Ved behov for graving utenom denne perioden, må det søkes om dispensasjon.</li><li>· Skråninger må erosjonssikres med steinplastring eller tørrmur. Erosjonssikringen må dimensjoneres for aktuelle belastninger. Ved bratte skråninger, kan tørrmur</li></ul>

	<i>være meir aktuelt. Erosjonssikring av skråninger, må fundamenteres/hvile på en fotgrøft med stein av tilstrekkelig størrelse. Det vises for øvrig til detaljprosjektering i Norconsult notat med oppdragsnr: 5172950, saknr; N-12, datert 2019-11-12.»</i>
4.	I planføresegnene blir ordlyden i punkt 9 om bestemmelsesområde endra frå «deponere reine masser», til « <i>gjenbruk av reine overskuddsmasser</i> ».
5.	I planføresegnene blir det innarbeida slik ny ordlyd: « <i>Detaljreguleringsplan for flomsikring av Givra kan godkjennes uten vilkår om ytterligere arkeologisk undersøkelse av det direkte berørte automatisk fredete kulturminnet kullgrop id 265760 som er markert som bestemmelsesområde #2 i plankartet.</i> »
6.	I plankartet blir byggjegrænse mot ny E6 vist 100 m frå vegmidte.
7.	I plankartet blir grænse for bestemmelsesområde #3 mot bevaringsområde for kulturminna K1 og K2 flytta nokre meter mot aust.
8.	Delar av desse reguleringsplanane blir oppheva, jf. plan- og bygningslova §12-14: <ul style="list-style-type: none"> <li>· reguleringsplan for E6 Lomoen-Kvam, vedteke 14.11.17.</li> <li>· reguleringsplan for Midtmoen bustadområde, vedteke 21.2.12.</li> <li>· reguleringsplan for Kongslimoen, vedteke 23.10.12.</li> <li>· reguleringsplan for Vinstra vest – endring, vedteke 24.10.1974.</li> </ul>
9.	Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta.

#### **Utval for miljø, landbruk og areal 18.02.2020:**

##### **Behandling i møte:**

Tjenesteleder Teknisk Bjørn Bjørke og planlegger Hanne Kristine Risdal ga en orientering om saken.

la fram følgende tillegg til innstilling:

Reguleringsføresegnene punkt 10 får slikt nytt avsnitt: «*Retningslinjer for støy i arealplanlegging (T-1442/2016) skal leggjast til grunn for gjennomføring av tiltak.*»

Tillegget legges inni pkt. 5 i innstillingen.

Innstillingen med tillegget til innstilling ble enstemmig vedtatt.

##### **MLA- 021/20 Vedtak:**

Utval for miljø, landbruk og areal rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1.	Detaljreguleringsplan for Givra del 1 blir eigengodkjend med heimel i §12-12 i plan- og bygningslova, slik den har vore lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 6.12.2019 - 3.2.2020, med slike endringar i plandokumenta:
2.	Flomsone H320_1 blir utvida opp mot ny E6, i tråd med flomberekningskart frå Norconsult (200 årsflom med 40 % klimapåslag).
3.	Faresone H320_2 vil bli vist som opphavleg flomsone før sikring.
4.	Planføresegnene får slikt nytt avsnitt om faresone H320_2: <i>«Det er forbud mot nye byggetiltak (jf. pbl§§ 28-, 1-6 og 20-1) før tilstrekkelig sikring i tråd med gjeldene sikkerhetskrav er på plass.»</i>
5.	<p>Punkt 10 i planføresegnene får slike nye avsnitt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· <i>«Flomsikringstiltaka skal utføres i samsvar med Norconsult sitt notat , datert 12.11.2019, oppdragsnr. 5172950, saknr. N-12.</i></li> <li>· <i>Tidspunkt for graving i vassdraget er mellom 15. juni og 15. september. Ved behov for graving utenom denne perioden, må det søkes om dispensasjon.</i></li> <li>· <i>Skråninger må erosjonssikres med steinplastring eller tørrmur. Erosjonssikringen må dimensjoneres for aktuelle belastninger. Ved bratte skråninger, kan tørrmur være meir aktuelt. Erosjonssikring av skråninger, må fundamenteres/hvile på en fotgrøft med stein av tilstrekkelig størrelse. Det vises for øvrig til detaljprosjektering i Norconsult notat med oppdragsnr: 5172950, saknr; N-12, datert 2019-11-12.»</i></li> </ul> <p><i>«Retningslinjer for støy i arealplanlegging (T-1442/2016) skal leggjast til grunn for gjennomføring av tiltak.»</i></p>
6.	I planføresegnene blir ordlyden i punkt 9 om bestemmelsesområde endra frå «deponere reine masser», til <i>«gjenbruk av reine overskuddsmasser»</i> .
7.	I planføresegnene blir det innarbeida slik ny ordlyd: <i>«Detaljreguleringsplan for flomsikring av Givra kan godkjennes uten vilkår om ytterligere arkeologisk undersøkelse av det direkte berørte automatisk fredete kulturminnet kullgrop id 265760 som er markert som bestemmelsesområde #2 i plankartet.»</i>
8.	I plankartet blir byggjegrænse mot ny E6 vist 100 m frå vegmidte.
9.	I plankartet blir grænse for bestemmelsesområde #3 mot bevaringsområde for kulturminna K1 og K2 flytta nokre meter mot aust.
10.	<p>Delar av desse reguleringsplanane blir oppheva, jf. plan- og bygningslova §12-14:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>· reguleringsplan for E6 Lomoen-Kvam, vedteke 14.11.17.</li> <li>· reguleringsplan for Midtmoen bustadområde, vedteke 21.2.12.</li> <li>· reguleringsplan for Kongslimoen, vedteke 23.10.12.</li> <li>· reguleringsplan for Vinstra vest – endring, vedteke 24.10.1974.</li> </ul>

11.	Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokumenta.
-----	---

### Kommunestyret 18.02.2020:

#### Behandling i møte:

Tenesteleiar Teknisk Bjørn Bjørke ga ei orientering knytt til saka.

Det vart vist til vedtaket i MLA der kommunedirektøren la fram eit tilleggspunkt i pkt. 5 i innstillingen.

Samrøystes som MLA si innstilling.

#### KOM- 002/20 Vedtak:

1.	Detaljreguleringsplan for Givra del 1 blir eigengodkjend med heimel i §12-12 i plan- og bygningslova, slik den har vore lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 6.12.2019 - 3.2.2020, med slike endringar i plandokumenta:
2.	Flomsone H320_1 blir utvida opp mot ny E6, i tråd med flomberekningskart frå Norconsult (200 årsflom med 40 % klimapåslag).
3.	Faresone H320_2 vil bli vist som opphavleg flomsone før sikring.
4.	Planføresegnene får slikt nytt avsnitt om faresone H320_2: <i>«Det er forbud mot nye byggetiltak (jf. pbl§§ 28-, 1-6 og 20-1) før tilstrekkelig sikring i tråd med gjeldene sikkerhetskrav er på plass.»</i>
5.	Punkt 10 i planføresegnene får slike nye avsnitt: <ul style="list-style-type: none"> <li>· <i>«Flomsikringstiltaka skal utføres i samsvar med Norconsult sitt notat , datert 12.11.2019, oppdragsnr. 5172950, saksnr. N-12.</i></li> <li>· <i>Tidspunkt for graving i vassdraget er mellom 15. juni og 15. september. Ved behov for graving utenom denne perioden, må det søkes om dispensasjon.</i></li> <li>· <i>Skråninger må erosjonssikres med steinplastring eller tørrmur. Erosjonssikringen må dimensjoneres for aktuelle belastninger. Ved bratte skråninger, kan tørrmur være meir aktuelt. Erosjonssikring av skråninger, må fundamenteres/hvile på en fotgrøft med stein av tilstrekkelig størrelse. Det vises for øvrig til detaljprosjektering i Norconsult notat med oppdragsnr: 5172950, saknr; N-12, datert 2019-11-12.»</i></li> <li>· <i>«Retningsliner for støy i arealplanlegging (T-1442/2016) skal leggjast til grunn for gjennomføring av tiltak.»</i></li> </ul>
6.	I planføresegnene blir ordlyden i punkt 9 om bestemmelsesområde endra frå <i>«deponere reine masser»</i> , til <i>«gjenbruk av reine overskuddsmasser»</i> .

7.	I planføresegnene blir det innarbeida slik ny ordlyd: « <i>Detaljreguleringsplan for flomsikring av Givra kan godkjennes uten vilkår om ytterligere arkeologisk undersøkelse av det direkte berørte automatisk fredete kulturminnet kullgrop id 265760 som er markert som bestemmelsesområde #2 i plankartet.</i> »
8.	I plankartet blir byggjegrænse mot ny E6 vist 100 m frå vegmidte.
9.	I plankartet blir grænse for bestemmelsesområde #3 mot bevaringsområde for kulturminna K1 og K2 flytta nokre meter mot aust.
10.	Delar av desse reguleringsplanane blir oppheva, jf. plan- og bygningslova §12-14: <ul style="list-style-type: none"> <li>· reguleringsplan for E6 Lomoen-Kvam, vedteke 14.11.17.</li> <li>· reguleringsplan for Midtmoen bustadområde, vedteke 21.2.12.</li> <li>· reguleringsplan for Kongslimoen, vedteke 23.10.12.</li> <li>· reguleringsplan for Vinstra vest – endring, vedteke 24.10.1974.</li> </ul>
11.	Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere redaksjonelle endringar i plandokument.

#### **Bakgrunn for saka:**

Det har vore mange flaumhendingsar knytt til Givra opp i gjennom åra, og konsekvensane har vore til dels store materielle skader på bygningar og infrastruktur. Strakstiltak har vore utført, men med nedbørsframskrivingar som syner større sansynlegheit for hyppigare og kraftigare nedbør, gir likevel ikkje dei gjennomførte tiltaka tilstrekkeleg sikring mot flaum. Det er derfor behov for å gjere ytterlegare flaumsikringstiltak i dei nedre delane av Givra.

Det vart varsla om oppstart av arbeid med reguleringsplan 9.4.2019, samt tilleggsvarsla om utviding av planområdet 17.10.2019.

Utval for miljø, landbruk og areal behandla planforslaget i møte 3.12.2019, MLA-sak 34/19. Planforslaget har vore ute til offentleg ettersyn i perioden 6.12.2019 -3. 2.2020, slik det går fram av vedlagte plankart og føresegnar. Det har kome 6 merknader.

#### **Planfagleg vurdering:**

Samandrag og vurdering av merknader går fram av vedlegg 1.

Det er framsett motsegn til planen frå både Fylkesmannen i Innlandet (FMI) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). I vedlegg 1 er det tilrådd å imøtekoma begge motsegnene ved at plankart og føresegnar blir omarbeidd. I tillegg er det tilrådd å gjere nokre andre mindre endringar i plankartet og presiseringar i planføresegnene. Det er vurdert til at desse endringane *ikkje* er av slikt omfang at det er behov for nytt offentleg ettersyn.

I brev frå både NVE og FMI av 10.2.2020, blir det stadfesta at motsegnene vil bli trekt, dersom dei planfaglege tilrådingane i vedlegg 3 blir vedteke. Formelt sett vil motsegnene falle bort fyrst ved endeleg vedtak av reguleringsplan.

#### **Kommunedirektøren si vurdering:**

Kommunedirektøren sluttar seg til tilrådingane som går fram av vedlegg 1. Jf. planfagleg vurdering,

og endringane vil ikkje føre til nytt offentleg ettersyn og saka kan derfor behandlast endeleg av kommunestyret 18.2.20.

Kommunedirektøren i Nord-Fron  
Arne Sandbu